



Kristtornprakt på Skorpo

Fleire har bede oss om å skriva litt om kristtorn no i førjulstida og det er rett og rimeleg ettersom dette er landets einaste eviggrøne lauvtre og har ein spesiell posisjon i samanheng med jula.

Det veks også i Uskedalen - både på Skorpo og fastlandet. Kristtorn er framleis populær som julepynt, særleg i dekorasjonar og kransar, og før vart det brukt som juletre og også som erstatning for palmeblad då ein skulle pynta kyrkjene til påske.

I Wikipedia står det også at kommersiell hausting skjer også i dag i Sunnhordland og Ryfylke.

Som alltid når ein skriv om kristtorn er det viktig å minna om at bæra er giftige for menneske og kan gje kvalme, oppkast og diare. Men graden av giftigheit er trass i alt låg.

Kristtorn er varmekrevjande og vekst berre langs kysten frå Kragerø til Smøla. Men treet kan verta opptil 10 meter høgt på solvarme og lune stader med laus og djup moldjord. Hann- og hunnblomar utviklar seg på kvart sitt tre.

Veden er kvit og hard og er etterspurd for treskjering og har vore nytta til sjakkbrikkar. Spolar i skytteler for maskinveving er eit anna bruksområde. Beinved er eit anna namn fordi veden er så hard. I naturmedisinen er kristtorn nytta til helsebringande te og brekkmiddel.

Kristtorn pregar kommunevåpenet for Stord og er kommuneblomst for Lyngdal. Bæra er populær mat for trastefuglar.

Sussi Bodin i Rosendal skriv på Facebook om kristtorn at den har vært nytta i mange år som julegrønt i Tyskland og England hvor man trodde den hadde spådomskraft. Den unge jente som julenatta la 9 greiner av kristtorn bunde med 9 knuter under puta kunne sjå inn i framtida! Kven vil testa den oppskrifta?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen